

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 026	18/183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
056/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Vertskommuneavtale - NAV Fensfjorden

Forslag til vedtak:

Modalen kommune godkjenner vertskommuneavtale om NAV Fensfjorden mellom kommunane Gulen, Austrheim, Fedje, Masfjorden (vertskommune) og Modalen slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Viser til KS-sak 037/2018 «Etablering av felles NAV-kontor med Masfjorden kommune og Gulen kommune».

I vedtakspunkt 1 står det at Modalen kommune tek del i felles NAV-kontor saman med Gulen kommune og Masfjorden kommune gjennom ein vertskommuneavtale etter kommunelova § 28. Masfjorden kommune vert vertskommune. I vedtakspunkt 2 er det vist til at Modalen er positiv til at også Fedje kommune og Austrheim kommune tek del i samarbeidet.

Vedlagte vertskommuneavtale omhandlar kva kommunane er blitt samde om av ansvar og oppgåver i samarbeidet om nytt felles NAV-kontor.

Bakgrunn

Kommunestyret handsama i september 2018 sak om etablering av felles NAV-kontor.

Viser til sak 18/183 som også vert handsama i dette kommunestyret. Her gjeld saka annullering av vilkår om at det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale.

Godkjenning av vertskommuneavtale føreset at det i sak 18/183 vert gjort vedtak i tråd med rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Økonomisk vert fordelinga mellom kommunane i samarbeidet delt slik:

1/3 fast og 2/3 etter folketal. Det inneber ein samla prosentsats på om lag 10 for Modalen. Kostnaden for Modalen vil verte noko høgare enn slik det er i dag, men tilbudet vert også styrka. Budsjet er ikkje klart, men avtalen syner 5,95 årsverk samla (inkl. kurs m.m.), adm. utgifter, samt kontorlokaler. I tillegg kostnadar knytt til vedtak.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at avtalen vil styrke Modalen sine tenester til innbyggjarane på NAV-området.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune vedtek vertskommuneavtalen.

Kommunestyret - 056/2018

KS - behandling:

Assisterande rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune godkjenner vertskommuneavtale om NAV Fensfjorden mellom kommunane Gulen, Austrheim, Fedje, Masfjorden (vertskommune) og Modalen slik han ligg føre.

Vedlegg:

NAV Fensfjorden,vertskommuneavtale pr. 23.11.18